

KYRKJEBLADET

63. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2009

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



Nye sokneråd

Side 4

Konfirmantjubilantar

Sidene 6 og 7

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Influensa

Nei, me kjem ikkje utanom temaet her heller. Ingen kan i desse dagar trykkje eit blad eller ei avis utan å ha ei setning om svineinfluensa. Dette er vår versjon:

Dei kyrkjeleg tilsette er i kontakt med mange personar, og kan verte smitta av svineinfluensa. Det er ikkje lett å finne vikarar for prest eller organist, om ein vert sjuk på kort varsel. Så me får håpe (og tru) at me ikkje treng avlyse julegudstenester og adventskonsertar. Trøysta må vere, at jul vert det uansett.

*Redaksjonen ynskjer
Kyrkjebladet sine lesarar
ei god jul!*

RETNING:

I førre nr. av Kyrkjebladet sto vår nye biskop Halvor Nordhaug sin visjon med ein bokstav for mykje. Biskopen sin visjon er «SAMAN VIL VI ÆRE DEN TREEINIGE GUD». Les gjerne meir om visjonen på www.kyrkja.no/bjorgvin

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 30. januar 2010.

EIT JULEEVENTYR

Det var ein gong ein fattig bonde som budde saman med kona si i ei enkel hytte med eit jordgolv som var dekt med strå. Ein dag gjekk dei tom for mat. Då sa kona til mannen: Gå ned til elva for å fiske! Mannen så gjorde, og fiska heile dagen utan å få noko. ”Me må nok gå svoltne til sengs i kveld,” tenkte han i det han kasta ut snøret for siste gong.

Brått hogg det til. Ein diger fisk hang på kroken, og etter lang kamp klarde mannen å få den på land. I det han skulle til å køyra kniven i den, sa fisken: ”Ikkje drep meg! Viss du kastar meg ut igjen, skal du få oppfylt tre ønske, uansett kva det måtte vera.” Den syntest mannen høyrdes ut som ein god avtale, så han kasta fisken ut igjen og gjekk heim.

Men kona hans var ikkje like nøgd då ho fekk høyre historia. ”For noko sludder”, sa ho. ”Dette er berre noko du finn på for å unnskylda at du ikkje fekk nokon ting.” ”Nei, det er sant”, sa mannen og ropte ut: ”Eg ønskjer meg ein middag!” Og straks var bordet dekkja med dei lekraste rettar.

”Idiot” sa kona. ”Du må ikkje kasta bort ønska dine på småting. Ein middag er ikkje nok. Du må ønska deg noko større og finare som varer lenger.” Ja vel”, sa mannen: ”Då ønskjer eg meg eit nytt hus!” Og med eitt var den enkle tømmerhytta med jordgolvet forvandla til eit herskapshus med mange rom.

”Nei, nei, kor dum går det an å verta”, ropte kona fortvilt. ”No har du alt brukt opp to ønske. Men me kan få

noko endå betre enn dette huset. La oss ønskje oss eit slott som ein konge kunne bu i.- Nei vent: Eg vil ha eit slott som kunne passa for Gud sjølv!”

Mannen gjorde som kona ville, og sa: ”Eg vil ha eit slott som passar for Gud!” Og brått stod dei ikkje lenger i det nye huset sitt. Dei var attende i den gamle trehytta med eit jordgolv som var dekt av strå.

Dette eventyret er ei julepreike. Mannen og kona fekk det som dei ville. Dei ønskte seg ein bustad som passa for Gud sjølv. Men dei hadde gløymt juleevangeliet. Då

Gud kom til verda, hende det ikkje i eit slott men på ein heilt annan stad. Me les frå juleevangeliet hjå Lukas i det 2. kapitlet: ”Og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.”

Det er nærliggjande å tenkja at Gud, dersom han finst, må vera større og mektigare enn alt og alle. Passar han då ikkje best i eit slott? Men Guds Son sin første bustad var i ein stall, nedst i verda. For det var ikkje rom nokon annan stad.

Gud går ikkje inn i verda på toppen, men heilt nedst.

Slik vert det tydeleg at han vil femna alle. For å vinna oss for kjærleiken sin, vert han eit svakt og hjelpelaust barn, i ei krubbe i ein stall med eit jordgolv, dekte av strå. Gud søkjer seg alltid nedover. Du treng ikkje ønskje deg ein annan stad for å møta han. Han er der du er. Denne jula søkjer han deg. Ta imot han!



Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Sokneråda i Vaksdal 2010 – 2011

Sokneråda har konstituert seg. Namna på dei faste medlemmane står difor ikkje etter kor mange stemmer dei fekk. I somme av råda møter 1. varamann fast på møta. Leiar og nestleiar vert valt for eit år om gongen. Sokneprest Edvard Bø er medlem i Vaksdal og Stamnes sokneråd, sokneprest Frode Kvamsøe i dei andre sokneråda.

FR = soknerådet sitt medlem i Vaksdal kyrkjelege fellesråd.

Vaksdal sokneråd

Leiar: Svein Hovlandsdal

Tlf. 95 17 21 52

svein.hovlandsdal@gmail.com

Nestleiar	Kari Bø
FR	Guðrun Boge Karlsen
Medlem	Tore Arnesen
Medlem	Håkon Svensson Kinsarvik
Medlem	Kristin Straume Audestad
Skrivar/1.v.	Oddvar Dale
2. vara	Odd Hisdal
3. vara	Magne Emil H Verpelstad
4. vara	Lene Kristin Rohde
5. vara	Margrete Jamne
Kasserar	Asle Georg Karlsen

Dale sokneråd

Leiar: Eli Kringlebotten

Tlf. 99 35 99 25

e.r.kringlebotten@gmail.com

Nestleiar	Marie Torgersen
Kasserar og FR	Roy Steinsland
Skrivar	Øyvind Solberg
Medlem	Lena Jordalen
Medlem	Kirsti Furnes
1. Vara	Gerd Hårvik
2. Vara	Tove Bruvik Erdal
3. Vara	Oddveig Straume
4. Vara	Einar Magne Straume
5. Vara	Eli Bjørg Leiren

Bergsdalen sokneråd

Leiar: Per Småbrekke

Tlf. 56 59 89 68

per@smaabrekke.no

Kasserar	Berit Pettersen
Skrivar	Anne Hilde Fosse Osvold
Nestleiar	
og FR	Ragna Lid
1. vara	Kari Mona Hernes
2. vara	Kari Hopperstad Rødland
3. vara	Aslak Berge
4. vara	Kari Berge
5. vara	Olaug Fagerbakke

Stamnes sokneråd

Leiar/vara FR: Bjørn Stamnesfet

Tlf. 41 41 33 51

bstamne@online.no

Kasserar	Olaug Helen L Stamnes
FR	Eidrun Straume Normann
Skrivar	Inger Marie Thunestveit
	Ingebrigt Gammersvik
	Monica Myster Dyvik
1. vara	Eli Marit Hvidsten
2. vara	Arne Vik
3. vara	Ingunn Helene Bakkom
4. vara	Arnljot Møster
5. vara	Erna Bjørg Vedaa

Eksingedalen sokneråd

Leiar: Asbjørn Flatekval

Tlf 56 59 58 28

Sekretær	Inger-Marie Lavik
Kasserar	Olaug Elisabeth Holth
	Geir Sigbjørn Høvik
1. vara/FR	Jon Trefall
2. vara	Knut Arild Furevikstrand
3. vara	Kari Brørvik
4. vara	Bengt Andre Eriksen
5. vara	Liv Edith Lavik

Nesheim sokneråd

Leiar: Frøydis Gullbrå

frogull@online.no

Nestleiar og FR	Haldis Bjotveit Øvstedal
Kasserar	Olav Gullbrå
Skrivar	Solfrid Urke Nese
1. vara	Marit Fjellanger
2. vara	Asbjørn Nese
3. vara	Anita Helen Gullbrå
4. vara	Magnar nese
5. vara	Lilly Nese

Konfirmantåret er godt i gang

Konfirmantane er presenterte for kyrkjelydane, har vore på leir, og har nett teke til med Alpha-opp-
legget dei skal igjennom. Den fyr-
ste av 10 samlingar i Konfirmant-
Alpha var torsdag 19. november i
Vaksdal bedehus, og samla om lag

40 konfirmantar frå Vaksdal, Dale,
Bergsdalen og Stamnes sokn. I til-
legg vert det ei helgesamling på
nyåret. No i adventstida står lys-
messene for døra. Og konfirman-
tane skal lage julekort til alle i
sokna som er over 85 år.



Lystening laurdagskvelden



Ein konfirmantleir gjev og høve til litt fysisk aktivitet. Her frå ein tur på Lavikastølen

Nattcup



Eitt av laga frå Vaksdal som var på nattcup.

Foto:Elin Boge



Foto: Monica Nesse

50- og 60-årsfirmantar



50-årsfirmantar i Stamnes

Biletet over:

Frå venstre, framme: Oddny Kvamme Kallestad, Atle Hagen, Ingebjørg Grøsvik Dale.

Bak: Halstein O Leiren, Ottar Kallestad, Arnfinn Hesjedal, Ove Gunnar Dyvik.

(Foto: Anne Margrete Eikefet)

50-årsfirmantar i Dale kyrkje 11. oktober

Biletet over høgre side:

1. rekke frå venstre: Solveig Oddbjørg Sæterdal Vik, Magnhild Vik, Astrid B Takvam Færås

2. rekke, f v: Alf Arnold Sandvik, Anne Lise Walle Frøyenes, Sølvi Konstanse Hesjedal Løvteit, Kjell Åge Kvamme, sokneprest Frode Kvamsøe

3. rekke f v: Gudveig Seim Skjerve, Grete Berge, Vigdis Magda Kalsås, Arnhild Kjøndal.

(Foto: Roy Steinsland)

60-årsfirmantar i Dale kyrkje 11. oktober

Biletet under høgre side:

Frå venstre: John I Hårvik, Randolf Rønhovde, Bjørn Ø Faugstad og sokneprest Frode Kvamsøe.

(Foto: Roy Steinsland)



Yrkesmesse på Dale skule

Kyrkja deltok på yrkesmessa for 10.klasse på Dale barne- og ungdoms-skule torsdag 12. november.



Gudrun Boge Karlsen.



Anna Flatekval og Hege Marie Lavik var innom utstillinga.

Vår oppgåve var å få fram at ein kan arbeide for, i, eller på kyrkja mest uansett kva yrkesretning og utdanning ein tek. Dei fleste tenkjer at ein

må vere prest, kyrkjetenar eller organist, men det finst minst 15-20 andre yrkesgrupper som kan ha arbeid knytt til kyrkja. Leiar i fellesrådet,

Gudrun Boge Karlsen, tok seg av dei som stakk innom. Det vart servert ”orgelbrus” og invitert til quiz.

Kulminasjon på Vaksdal



Møter, konsertar og seminarer fylte helga då vaksdal Kristege Ungdomslagarrangerte festival 6.-8. november. Her frå møtet laurdagskvelden, der Trygve Urhaug kjem med sitt vitnemål.

Foto: Line Kydland



Rudi Myntevik hadde seminar om lovsong.

Foto: Svein Hovlandsdal

Om å slå kyrkjegardar

Vaksdal kyrkelege fellesråd innførte i sommar drastiske kutt for å få løyvingane til å rekkje året ut. Utfordringa gjekk ut på å spare kr 517 000,- og med slike beløp var det ikkje lenger høve til å gjennomføra slått og vedlikehald på kyrkjegardane. For første gong måtte sommarhjelparane til fellesrådet få melding om at det likevel ikkje vart sommarjobb på gravplassane i kommunen. Dette arbeidet har alltid hatt prioritet framfor mange andre viktige oppgåver. I samband med gravferdene vart det likevel slått på mindre områder rundt gravene som skulle nyttast.


Kyrkjeleg fellesråd søkte kommunen om ei ekstra løyving til dekning av slått på gravplassane og bortfallet av festeinntekter. Saka vart handsama i Formannskapet 31. august. Ut frå saksframstillinga frå rådmannen var det ikkje utan vidare sikkert at løyvinga ville verte vedteken. Kyrkjevevja valde å ikkje bruke pengar for løyvinga var stadfesta, men i kommunestyremøtet 28. september fekk fellesrå-

det kr 262 000,- Litt seint for slåttese-songen, diverre, men truleg eit stort nok beløp til at kyrkja kan klare seg utan underskot i år.



Dette biletet av Stamnes kyrkje er teke før 1960. Stellet av kyrkjegardane har trass alt endra seg litt sidan då.

Kilden til Oslo



Kilden hadde sine siste jubileumskonserter i Bergsdalen, Nesheim og Vaksdal kyrkjer i oktober. Her er dei i Bergsdalen kyrkje.

Foto: Magne Solhaug

Kilden reiser til Oslo i midten av februar for å delta på Bjerkrheimjazz.

Fjellhaug skoler i Oslo saman med Bjerkrheims vener har engasjert Olav Arne Steinkopf til å skrive og arrangere songar med Trygve Bjerkrheim sine tek-

star. Dei ynskjer modernisering og meir jazz prega arrangement som kan tiltale yngre personar. Kilden har allereie starta innøving av stoffet og gler seg til å reise til Oslo.

Fleire vil ha skulegudstenester

(Vårt Land 13. november) Rådgjevar Kristin Gunleiksrud meiner at fleire skular har vorte positive til samarbeid med kyrkja. Kristin Gunleiksrud er rådgjevar i IKO, Kirkelig pedagogisk senter, og har breid kontakt med både skuleleiarar, foreldre og kyrkjeleg tilsette. Ho ser ei tydeleg auka interesse for at elevane skal få delta på skulegudstenester.

Minnegudsteneste på nyårsaftan

Stamnes kyrkje kl 16.00

Gudstenesta er felles for kyrkje-lydane i kommunen, der me spesielt inviterer

pårørande til alle som har mist nokon av sin kjære det siste året. Men gudstenesta er open for alle som syrgjer over nokon dei har mist.

Kantor kandidat

Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf er ein av fire kandidatar som kan få høve til å

representerer dei kyrkjeleg tilsette i Bjørgvin Bispedømeråd. Ho har alt hatt dette vervet i ein periode. Dei andre kandidatane er kyrkjevevja Kurt Djupvik frå Gloppen, Kateket Inger Anne Eldegar frå Årdal, kyrkjevevja Gerhard August hansen frå Os, og Diakon Tone Therese Totland frå Birkeland. Kyrkjeleg tilsette med stilingstorleik frå 40% og oppover kan røyste ved valet.



Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

Mykje song og musikk for dei yngste



Familien Sulebakk saman med borna

27 frå Eksingedalen og frå kommunen elles, inkludert frå Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor, var med og song saman med familien Sulebakk i Nesheim kyrkje i september. Fyrst var det ei økt med øving, og så sjølve konserten. Det vart ein heller uvanleg kyrkjekonsert dei om lag 60 framkomne fekk med seg, der både utkledding og sminking var med på å formidle den kristne budskapet i tillegg til songen og musikken.

Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor var og med på Kilden sin jubileumskonsert i Vaksdal kyrkje i oktober. Der var det ein avdeling med berre dei to kora, men dei var og med og song saman med Kilden, og det vart ein vakker samklang mellom vaksenstemmane og barnestemmane.

Barnekora i Vaksdal kyrkje

I denne konserten var det og ”slepp” av CD-en barnekora song inn for IKO sist vinter. Denne CD-en fylgjer brevet som vert sendt til årets 4-åringar, der

dei vert inviterte til å koma til kyrkja for å få si eiga kyrkjebok.



Sjenerande prating i gravferder

Gravferder er stunder prega av alvor og ettertanke. Dei som deltek i gravferda utanom nære pårørande kan vere både fjerne og nære slektingar, naboar, vener. I kyrkja møter ein kjente, nikkar og helse på, og får kanskje sagt eit par lågmelte ord før tonane frå orgelet stilnar i to tre minutt. Kyrkjeklokka slår tolv slag, og seremonien er i gang. Etter ord og helsingar, blommar og kransar, er stunda over. Kista vert lyfta, og følgjet går stilt ut av kyrkja. Der kyrkjegarden ligg ved kyrkja held følgjet fram til grava, og kista vert sett ned. Berarane seinkar kista, og presten seier dei siste orda med jordpåkastning, og tonane frå det siste salme verset tonar ut. Klokkene ringjer dei siste ni slaga.

Men alt før jordpåkastinga, før kista er på plass, kan praten gå høgt på kyrkje-trappa. Og lyden ber godt bortover kyrkjebakken, det kan me skrive under på

som har opplevd det. Ofte går praten livleg under seremonien i kyrkja og. Kva som utløyser praten og mangelen på folkeskikk er uvisst, men dei fleste vil vel oppfatte slike hendingar som skjemma, eller pinlege, kanskje mest på vegner av dei som følgjer sine næraste til grava. Det burde vere mogleg å vise slik respekt for dei pårørande og resten av gravfølgjet at ein ikkje forstyrrar med snakk. Det er ikkje mange minutane ein må halde seg. Og ein kan vel leggje til, at her er ungdomane flinkare enn vaksnafolkje. Kva må til for at ein skal få slutt på denne uskikken? Fleire som har opplevd dette har teke kontakt med gravferdsbyrået, prestane og kyrkjekontoret.

Me kan vel ikkje gjere stort anna enn å skrive om det, og oppmode folk om å vise omsyn.

Meir om kyrkjeøkonomi

Kommunen får kvar haust eit framlegg til budsjett frå kyrkjeleg fellesråd. Kommunen skal etter kyrkjelova løyve midlar til drifta av kyrkja, og har ansvaret for at midlane strekk til. Men noko fast regel for omfang og kvalitet på tenestene som kyrkja skal yta til folket finst ikkje. Biskopen set opp talet på gudstenester, som vert kalla forordna gudstenester og fordeler desse på dei sju kyrkjene våre. Dette talet har ikkje vore endra på over ti år, kanskje tjue. Me skal ha 120 gudstenester årleg i Vaksdal. Talet skal stå i forhold til prestereussane, som det heiter på fint. Til neste år skal sokneråda ta opp dette spørsmålet, og det vert nok lagt tungt inn over oss at me må redusere gudstestetetalet. Folketalsutviklinga i områda kring Bergen gjer at det har vorte ei skeiv fordeling av bemanninga i Bjørgvin bispedøme, og etter førebels utrekningar har Hardanger og Voss prosti 3,2 prestar for mykje i høve til vilkåra.

Grunnen til at dette vert nemnt er at

gudstestetetalet påverkar økonomien til kyrkja i Vaksdal. Våre tilsette skal gjennomføre dei forordna gudstenestene, og i tillegg syte for at ein kan ha gravferder og vigslar, samt konfirmantopplæring. Dette er vår oppgåve, og til dette trengs det midlar.

Me har forsøkt mange framgangsmåtar i høve til budsjetteringa. Framskriving av rekneskapstala etter detaljert gjennomgang av rekneskapen for inneverande og tidlegare år.

Framskriving av reviderte budsjettal inneverande år med å leggje til prosentvis auke etter kommunen sin mal. Reint budsjett slik ”me vil ha det” ut frå lover, forskrifter og pålagte oppgaver. Og tilnærming av budsjettet til nær opp til kommunen sine varsla rammer.

Ingen av desse framgangsmåtane har ført til at me har fått tildelt dei omsøkte midlane. Dette har ført til at den lokale kyrkjeøkonomien til neste år ser ut til å verte den svakaste nokon gong.

Biskopen møtte sokneråda i Ulvik

Onsdag 11 november var alle sokneråda i Hardanger og Voss prosti inviterte til kurs. Biskop Halvor Nordhaug var til stades, saman med store delar av staben frå bispedømekontoret i Bergen. Temaet var ”Kva er det å vere kyrkje”. Samlinga var lagt opp som eit seminar. Deltakarane kunne velje mellom seminar om Trusopplæring, Diakoni – kyrkje for alle, Grøn kyrkjelyd, Gudstenesta, Frivillighet, og Kommunikasjon. Dermed skulle alle kunne finne eit emne som fatta interesse. Frå Vaksdal møtte 16 soknerådsmedlemmar og tilsette.



Når nokon dør

Kva gjer vi når ein av våre næraste døyr? Me tenkjer på dei praktiske oppgåvene ein står framfor i samband med gravferda. Kven skal ein kontakte, kven kan hjelpe? Kva inneber ei kyrkjeleg gravferd? Staben ved kyrkjekontoret arbeider med eit hefte som me håper skal vere til nytte når ein er i ein slik situasjon. Ein har og sett på tida etter gravferda, og skriv om gravminner og stell. Heftet vert lagt inn i det neste nummeret av kyrkjebladet, og vil elles vere tilgjengeleg på kyrkjekontoret og hjå det lokale gravferdsbyrået.

Adventskonsertar

Dale kyrkje søndag 6. desember kl 19.00

Medverkande: Stanghelle/Dale barnesongkor, Kilden, Dale Musikkforening. Adventstankar.

Stamnes kyrkje laurdag 12. desember kl 16.00

Medverkande: Stamnes barnekor, Kordial, Blanke messingen. Adventstankar.

Vaksdal kyrkje søndag 13. desember kl 19.00

Medverkande: Vaksdal skulemusikk - Vaksdal musikklag, Dale mannskor. Adventstankar.

Vi syng jula inn

Eksingedalen kyrkje søndag 13. desember kl 16.00

Medverkande elevar frå kulturskulen.

Konsertar

Dale kyrkje 5. desember kl 17.00

Konsert med VOK og orkesteret Fossegrimen frå Voss.

Framføring av Mozarts Requiem og utdrag frå Schuberts symfoni "den ufullendte".

Dale kyrkje 20. desember kl 19.30

Konsert med fiolinist Michael Süßmann.

Vaksdal kyrkje 10. januar kl 18.00

Hordaland korforbund inviterar kvart år til nyttårskonsertar i kyrkjene rundt om i Hordaland. Den 10. januar i 2010 held medlemskora i korforbundet konsertar som dugnad for eit godt formål. Denne gongen går kollektane til Blå kors med fokus på ungdomar som slit med rusmisbruk.

Julefestar i bedehusa

Stamnes: Tysdag 29. desember kl. 17: Julefest for heile familien

Arr: Styret for bedehuset/Indremisjonen

Dale: Onsdag 30. desember kl. 17: Julefest for små og store

Arr: Indremisjonen og soknerådet

Stanghelle: Søndag 3. januar kl. 17: Julefest for små og store

Arr: Indremisjonen

Vaksdal: Søndag 3. januar kl. 17: Julefest for vaksne

Arr: Indremisjonen

Laurdag 9. januar kl. 16: Julefest for små og store

Arr: Soknerådet


Juleverkstad i Vaksdal bedehus

Laurdag 28. november kl. 11-14

Arr: Sundagsskulen og soknerådet

Michael Süßmann og Tor Erik Seime Pettersen i Dale kyrkje

Søndag 20. desember kl 19.30 vert det konsert i Dale kyrkje med fiolinisten Michael Süßmann og pianisten Tor Erik Seime Pettersen. På programmet står mellom anna Grieg si populære c-moll sonate. Vidare får me høyre virtuose småstykkar saman med musikk som er kjend og kjær for dei fleste. Som konsertfiolinist har Michael Süßmann turnert over store delar av verda, og er leiar for MusicaNord, som mellom anna står bak "Grieg in Bergen Festival".



Utdeling av Det Nye Testamente

til 11-åringane (fødd i 1999):

Dale kyrkje:

sundag 31. januar kl. 11

Eidsland kapell:

sundag 31. januar kl. 17

Vaksdal kyrkje:

sundag 7. februar kl. 11


Bergsdalen kyrkje:

sundag 7. februar kl. 11

Stamnes kyrkje:

sundag 7. februar kl. 17

I Eksingdalen er det ikkje 11-åringar i 2010



CD- en frå IKO,
der Stamnes barnekor og
Stanghelle/Dale barnesongkor syng
barnesongar på nynorsk, kan kjøpast
på Kyrjekontoret, eller direkte frå
utgjevaren (www.iko.no)

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på
Lavik. Kan òg kjøpast hjå
boknemnda: Albert Gullbrå,
Nils N. Nesheim og
Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen

kyrkje 50 år. 220 sider - kr. 300,-

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix


Bergsdalen: Hjå medl. i

soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)

104 sider - kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider - kr. 50,-.



Kirkens SOS

Det nyttar å snakke når ein kvar vil lytte

Vil du vere frivillig på Kirkens SOS?

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har
det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som tek
kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine pro-
blem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging
så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar
12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen
krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til
eigne kriser.

Kursstart er helga 26. - 28. februar 2010. Interessert?

Kontakt oss på 55 32 58 45/941 83 654,

bjorgvin@kirkens-sos.no

eller www.kirkens-sos.no

Velkommen til eit lærerikt og gjevande fellesskap!

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

 SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



- ein lokal medspelar

NYE DALE

VERTSHUS

Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.


**SÆTERDAL
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66



Teikning og prosjektering
av
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark
Ombygging av
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

Meterstokken

Ing. Svein Tøsse
Tlf. 56 59 80 71
meterstokken@vaksdalnet.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

20.09.2009	Alex Nottveit Kalvik
11.10.2009	Thea Midtun
11.10.2009	Helena Dale Skjerveggen
11.10.2009	Tobias Hårvik-Nilsen
11.10.2009	Sondre Berentsen Sandvik
11.10.2009	Alexander Laskowski Andersen
11.10.2009	Nathalie Hårvik Vildalen
11.10.2009	Samuel Hårvik Helgesen
15.11.2009	Tinde Faugstad

Nesheim

01.11.2009	Marius Berggreen Eriksen
01.11.2009	Vemund Bergo

Stamnes

30.08.2009	Sandra Bekkenes-Nergård
12.09.2009	Ingrid Brekkhus Jacobsen

Vaksdal

02.08.2009	Fillip Martin Gapo Solheim
30.08.2009	Selma Audestad Sæterdal
13.09.2009	Jakob-Andreas Haukefær Kaspersen
18.10.2009	Leon Sebastian Knutsen-Larsen
18.10.2009	Signe Netland Magnussen
18.10.2009	Olav Mjanger Molde (døpt i Meland kyrkje)
08.11.2009	Mathias Ulveseth Herfindal



VIGDE

Stamnes

12.09.2009	Eva Sissel Brekkhus og Tormod Thorsheim Jacobsen
------------	--



DØDE

Dale

12.08.2009	Nancy Geitle	f. 1927
01.09.2009	Torstein Midtbø	f. 1931
06.09.2009	Theodora Dalseid	f. 1918
03.10.2009	Arvid Thunestvedt	f. 1921
03.11.2009	Ingebjørg Helle	f. 1930

Eidsland

24.08.2009	Harald Neset	f. 1927
------------	--------------	---------

Stamnes

30.08.2009	Carl Louis Breivik	f. 1988
05.10.2009	Erling Straume	f. 1911
24.10.2009	Margit Marie Kvamme	f. 1912

Vaksdal

06.08.2009	Robert Karvik Stürtzel	f. 1958
17.08.2009	Dagfinn Ulevik	f. 1938
17.08.2009	Edith Fanebust	f. 1924
22.09.2009	Ninny Lillian Fossdal	f. 1945
24.09.2009	Arthur Synsvoll	f. 1909
23.10.2009	Krzysztof Tadeusz Laskowski	f. 1959

Dei ti Guds bod

5. Du skal ikkje bryta ekteskapet.

Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud, så vi lever eit reint og sømeleg liv i ord og gjerningar. Ektefolk skal elska og æra kvarandre.



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 29. november

1. SUNDAG I ADVENT Luk. 4,16-22a
EIDSLAND KAPELL kl. 16:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmanten. Utdeling av 4-årsbok. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
DALE KYRKJE kl. 20:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Ungdom i Oppdrag.

Sundag 6. desember

2. SUNDAG I ADVENT Luk. 12,35-40
NESHEIM KYRKJE kl. 15:00. Lysmesse. Edvard Bø. Utdeling av 4- og 6-årsbok. Offer til Tibetmisjonen. Kyrkjekaffi.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe. Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Offer til Familie & Medier.

Sundag 13. desember

3. SUNDAG I ADVENT Matt. 11,11-19
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 16:00. Vi syng jula inn. Asbjørn Nese og Frode Kvamsøe. Offer til kyrkjemusikalsk verksemd.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.

Torsdag 24. desember

JULAFTAN Luk. 2,1-14
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12:00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Frelsesarmeen.
STAMNES KYRKJE kl. 13:30. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Frelsesarmeen.
DALE KYRKJE kl. 15:00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
DALE KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.
EIDSLAND KAPELL kl. 16:15. Vi syng jula inn.

Fredag 25. desember

JULEDAG Joh. 1,1-14
DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Dåp og nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Laurdag 26. desember

2. JULEDAG Apg. 7,52-60
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Dåp og nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Torsdag 31. desember

NYÅRSAFTAN Joh. 14,27
STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste (for heile kommunen). Frode Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Edvard Bø. Offer til Tibetmisjonen.

Sundag 3. januar 2010

KRISTI OPENBERRINGS DAG Luk. 2,41-52
DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl. 15:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Misjonsprosjektet i Nepal.

Sundag 10. januar

1. SUND. E. KR. OPENBERRING Joh. 1,29-34
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 17. januar

2. SUND. E. KR. OPENBERRING Joh. 4,5-26
DALE KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 24. januar

VINGARDSSUNDAGEN Luk. 17,7-10
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 31. januar

SÅMANNSSUNDAGEN Mark. 4,26-32
DALE KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Utdeling av Det Nye Testamentet.
EIDSLAND KAPELL kl. 11:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av Det Nye Testamentet.

Sundag 7. februar

KRISTI FORKLÅRINGS DAG Joh. 17,1-8
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Utdeling av Det Nye Testamentet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av Det Nye Testamentet.
STAMNES KYRKJE kl. 17:00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av Det Nye Testamentet.

Sundag 14. februar

SUNDAG FØR FASTE Joh. 12,24-33
NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet i Nesheim. Årsmøte.
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16:00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

Sundag 21. februar

1. SUNDAG I FASTE Job 2,1-10
VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

Sundag 28. februar

2. SUNDAG I FASTE Luk. 7,36-50
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Årsmøte.
DALE KYRKJE kl. 19:00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.